



› Offentleg helseteneste/legekontor

Totalt 2,63 kommunal legestilling (inkl.lege i spesialisering, LIS1)

8 sjølvstendig næringsdrivande fastlegar. Fastlege listeinnbyggjarar: 7847 per desember 2020

Legestaben er stabil og kommunen har lykkast med å rekruttere tre nye fastlegar og ein fastlegevikar i 2020. To fastlegar deltek i prosjektet Allmennlege i spesialisering Vest (ALIS Vest) der kommunen får om lag kr 150 000 kroner per år til støtte for utdanning til legane.

Giske kommunale legesenter AS har knytt seg opp til tenesta "Min helse", noko som forenkler kommunikasjonen mellom lege og pasient. Det er også innført digitale funksjonar for fastlegetenesta i den nasjonale portalen [helsenorge.no](http://www.helsenorge.no). Vi merkar godt at legetenesta er i endring og at det er lettare å rekruttere til faste kommunale stillingar enn næringsdrivande stillingar. Kommuneoverlegen har hatt eit stort arbeid knytt til koronasituasjonen, i tett samarbeid med beredskapsleiinga, tenestene i kommunen, legesenteret, Helseføretaket, andre partar og andre kommunar.

Kostratal legetenesta, 2020

Nøkkeltall	Enhet	Giske	Kostragruppe 10	Landet utan Oslo
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere	Årsverk	10,8	10,8	11,4